



Kjemisk institutt
Institutt for informatikk
Matematisk institutt
Institutt for geovitskap
Institutt for biovitskap
Geofysisk institutt
Institutt for fysikk og teknologi

Referanse

2018/10668-STB

Dato

05.09.2018

Studieplanendingar 2019/20 ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet

Den faste fristen for å melde inn store studieplanendingar som skal tre i kraft komande studieår 2019/20 er 1. oktober.

I tillegg til store studieplanendingar, kan institutta melde inn små studieplanendingar for emne som skal undervisast i neste semester (våren 2019). Studieplanendingar vert handsama på møte i Studiestyre i november. Det er ei føresetnad at studieplanendingane skjer innanfor instituttet sine budsjетtrammer.

Oversendingsbrev – Mal

Fakultetet har utarbeida ein mal for oversendingsbrevet (vedlagt). Vi tilrår instituttet å bruke denne, når dei skal gi tilbakemelding til fakultetet.

Døme på store studieplanendingar som må meldast inn

- oppretting av studieprogram
- endringar i studieprogram
- oppretting og nedlegging av emne

Vedlagt er også ei oversikt over kva som er små og store studieplanendingar for emne.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Det matematisk-naturvitenskaplege
fakultet
Telefon 55582062
post@mnfa.uib.no

Postadresse
Postboks 7803
5020 Bergen

Besøksadresse
Realfagbygget, Allégt. 41
Bergen

Sakshandsamar
Stine Beate Balevik
55582067

Viktige punkt i årets studieplanarbeid

I årets studieplanarbeid ber fakulteta institutta om å sjå spesielt på følgjande punkt i emneskildringane:

1. Skriftleg og munnleg eksamen.

Ei vurderingsform på eit emne skal veljast med tanke på kva som best kan måle studenten sitt oppnådde læringsutbytte. Ei vurderingsform skal ikkje veljast avhengig av kor mange studentar som er meldt til emne. Studentane må vite kva vurderingsform eit emne har, når dei melder seg opp på Studentweb. Ein gjennomgang av emne (vedlagt) syner at vi har 64 emne som skiftar mellom munnleg og skriftleg eksamen avhengig av talet på meldte studentar. Denne praksisen er ikkje i tråd med UiB sitt grads- og studiereglement og fakultetet ber institutta gå igjennom sine emne og gi tilbakemelding kva vurderingsform emnet skal ha. Fakultetet presiserer at [§7 i utfyllande reglar for eksamen](#) vil endrast tilsvarende.

2. Studieretningar på master og opptakskrav

MN fakultetet administrerer totalt 82 studieretningar på masternivå og dermed flest ved UiB. Mykje ressursar er knytt til ei så stor portefølje. Kvar studieretning må gå igjennom kontinuerlig kvalitetssikringsarbeid og revisjonsprosessar. Vidare må det setjast av ressursar knytt til rekruttering, rettleiing og administrering. Likevel ser vi at opptakstal til dei ulike studieretningane har variert dei siste åra. I [orienteringssak til studiestyret november 2017](#), er ein oversikt over opptakstal dei siste to år. Legg spesielt merke til at det er fleire studieretningar som har få eller ingen opptatte studentar. Vi ber institutta vurdere om ressursutnyttinga ved enkelte institutt er føremålstenleg då fakultetet også ser ei trend mot samanslåing av masterstudieretningane som til dømes Masterprogram i kjemi og geovitskap.

I tillegg er det sterke signal frå UiB som peikar mot ei sentralisering av masteropptaket allereie frå hausten 2019 (handsama i Utdanningsutvalet sept. 2017). Dette gjer at det må utarbeidast klare retningslinjer for opptakskrav til kvart søknadsalternativ (studieretning). Blant anna er det trong for å skildre opptakskravet betre. Vi ser at ordet «opptaksgrunnlag» genererer mange spørsmål frå potensielle søkjarar. Ei betre skildring om kva som faktisk er opptakskravet vil difor også hjelpe sett frå eit rekrutteringsperspektiv. I tillegg vil det med en sentralisering av opptaket også komme et krav om å oppgi konkret opptaksramme (antall ledige plasser) på kvart søknadsalternativ (studieretning).

På bakgrunn av dette ber fakultetet instituttet om følgjande:

- a) Vurdere antal studieretningar på masternivå og grunngi kvifor/kvifor ikkje studieretninga bør oppretthaldast.
- b) Oppdatere opptakskrava til alle søkjaralternativ på masternivå. Fakultetet vil være i dialog med studieadministrasjonen på instituttet om kva som bør inngå i opptakskrava. [Her er eit godt døme på ei god skildring](#)

3. Irregulær undervisning

Alle emne skal undervisast minimum kvart 2. år. Eit ynskje om å tilby irregulær undervisning i ulike tema, kan ofte løysast ved å tilby emne utan fast pensum.

[BIO316 Utvalde emne i miljøtoksikologi](#) og [INF329 Utvalde emne i programutviklingsteknologi](#), er døme på dette.

Vedlagt, finn dykk ei oversikt over emne som ikkje har registreringer i protokoll det siste året. Kolonnen «siste» syner dato for siste protokollførekomst. Emne som manglar verdi i denne,

har aldri hatt førekomst i protokoll. Nokre av emna i denne oversikta er nok emne som ikkje går regelmessig eller ved behov. Men nokre av emna burde vore avslutta. Vi ber spesielt om tilbakemelding på emna merka raudt.

4. Planar om oppretting av studieprogram

Studiestyret ber om at instituttet/programstyra gir ei kort orientering om planar for oppretting av nye studieprogram. Oppretting av studieprogram er ein omfattande prosess som inneber at det må utarbeidast ein søknad om oppretting. Denne søknaden skal vurderast av UiB sin programopprettingskomitè. Frist for å sende inn førsteutkast til søknad om oppretting av nye studieprogram er satt til 30. april. Arbeidet med å utarbeide søknaden må byrje i god tid før det. Sjå meir info [her](#).

Moglegheit for å prøve ut nye undervisnings- og vurderingsformer.

Universitetsstyret vedtok i [styresak 145/2017](#) ei prøveordning der institutt vert oppmoda om å prøve ut nye undervisnings- og vurderingsformer ved UiB. Ei slik prøveordning gir institutta moglegheit til å fråvike frå eksamensforskrifta ved UiB og fakultetet oppmodar til dette i sak 2018/7746. For mindre endringar som skal gjelde frå våren 2019, og endringar som vil ha innverknad på oppbygging av studieplanar må dette meldast inn til fristen 1. oktober. Søknad om fråvik av forskrifta vil etter vedtak på fakultetet bli handsama ved UiB. Utvikling av emne med start hausten 2019 som ikkje inneber endring i studieprogram kan få utvida frist for studieplanending. Kontakt fakultetet om dette.

Endringar i undervisningstilbodet vårsemesteret 2019

Studiestyret ynskjer å bli informert om endringar i undervisningstilbodet vårsemesteret 2019, der tilbodet avviker frå planen som tidlegare har blitt vedtatt. Dette gjeld emne som ikkje undervises regelmessig, ved til dømes

- a) endring i syklus partal/oddetal
- b) avlysing grunna manglande lærekrefter.

Det er ei grense på kor mykje endringar som kan imøtekomast. Ver difor merksam på at studentar som i samsvar med studieplanen, skal følgje undervisning i emne, er institutta forplikta til å tilby studentane undervisning og eksamen i emne.

Tverrfaglegheit i studieprogramma

Eit av kjenneteikna på studieprogram knytt til fakultetet, er tverrfaglegheit. Det må alltid følgje med ei godkjenning frå leiinga på eigarinstituttet, når det skal leggast fram forslag om ei studieplanendring som omfattar emne på andre institutt eller andre fakultet. Det er svært uheldig om Studiestyret godkjenner studieplanendringar, der leiinga ved det aktuelle institutt ikkje har tatt stilling til saka. Ta gjerne tilrådingane frå rapporten «[Tverrfaglige utfordringar](#)» med i studieplanendringsarbeidet. Hugs også på at når nye studentgrupper vert knytt emne, må det som oftast planleggast for auka kapasitet på emne.

Ressursar

Gjeldande malar for studieplanar og emneskildringar er tilgjengeleg her:

https://wikihost.uib.no/matnat/index.php/Undervisning_og_studieplaner

Malane skal nyttast ved oppretting av nye emne og omfattande endringar i formuleringar.

Reglement: https://wikihost.uib.no/matnat/index.php/Reglement_og_retningslinjer

Vidare saksgang

Etter vedtak i studiestyret, får instituttet tilbakemelding frå fakultetet. Dette kan til dømes være kommentarar som har kome fram i studiestyremøtet eller små merknader som fakultetet har gjort seg. Etter vedtaket i studiestyret byrjar også oppdateringar av emne- og studieprograminformasjon på nettsider. Fakultetet vil i år tilby å oppdatere dei redaksjonelle endringane som vert meldt inn, på vegne av institutta.

Frist for

Endringar i studieplan for studieåret 2019/20 og vår 2019 er 1. oktober 2018.

Venleg helsing

Ingrid Christensen
studiesjef

Stine Beate Balevik
seniorkonsulent

Vedlegg:

Mal forslag til oversendelsesbrev fra instituttet

Oversikt over store og små studieplanendingar

Aktive emne med siste protokollførekomst

Emne med aktiv munnleg og skriftleg vurderingsform

Emnekode	Emnenavn
BIO210	Evolusjonsbiologi
ENERGI200	Energiressurser og -forbruk
ENERGI220	Energisystem og teknologi
ENERGI230	Miljø og energi
GEOF110	Atmosfære-, hav- og klimadynamikk
GEOF210	Dataanalyse i meteorologi og oseanografi
GEOV367	Geologisk prosessforståelse: Anvendelse i hydrokarbonleting og CO2 lagring
GEOVDID220	Geodidaktikk
INF101	Objektorientert programmering
INF144	Informasjonsteori
INF170	Modellering og optimering
INF210	Datamaskinteori
INF214	Multiprogrammering
INF220	Programvarespesifikasjon
INF222	Programmeringsspråk
INF223	Kategoriteori
INF225	Innføring i programomsetting
INF227	Innføring i logikk
INF235	Kompleksitetsteori
INF236	Parallell programmering
INF246	Informasjonsnettverk
INF250	Dataorientert visuell beregning
INF251	Grafisk databehandling
INF252	Visualisering
INF270	Lineær programmering
INF281	Innføring i bioinformatisk sekvensanalyse
INF283	Innføring i maskinlæring
INF285	Genomikk, transkriptomikk og proteomikk
INF328	Programmeringsspråkelementer
INF348	Videregående emner/seminar i datasikkerhet
INF349	Videregående emne/seminar i informasjons- og kodeteori
KJBIOREF	Bioraffineri - teknologi og anvendelser
KJEM203	Petroleumskjemi og biodrivstoff
KJEM220	Molekylmodellering
KJEM221	Grunnleggende kvantemekanikk
KJEM238	Naturstoffkjemi
KJEM333	Organisk massespektrometri
KJEM351	NMR-spektroskopi
MAT211	Reell analyse
MAT234	Partielle differensiallikninger
MAT252	Kontinuumsmekanikk
MAT253	Fluidmekanikk
MAT260	Numerisk løsning av differensiallikninger
MAT261	Numerisk lineær algebra
MAT262	Bildebehandling
MAT360	Endelig-element-metoden og områdedekomponering

MNF262	Grunnkurs i bildebehandling og visualisering
NANO100	Perspektiver i nanovitenskap og -teknologi
NANO244	Material- og nanokjemi
PHYS116	Signal- og systemanalyse
PHYS205	Elektromagnetisme II
PHYS325	Signal- og kommunikasjonsteori
PHYS341	Utvalgte emner i eksperimentell partikkelfysikk
PTEK203	Masseoverføring og faselikevekter
PTEK205	Numeriske metoder for prosesseteknologi
PTEK212	Reservoarteknikk I
PTEK213	Reservoarteknikk II
PTEK218	Bergartsfysikk
PTEK231	Olje/gass prosessering
PTEK232	Naturgasshydrat: Fundamentale aspekter og praktiske implikasjoner
PTEK252	Forbrenningsfysikk
STAT200	Anvendt statistikk
STAT201	Generaliserte lineære modeller
STAT202	Biostatistikk